



«MottakerNavn»
«Kontakt»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

| Dykker referanse | Vår referanse | Sakshandsamar | Dato |
|------------------|---------------|-----------------------|------------|
| «Ref» | 2024/462-6 | Kjell Anders Reigstad | 31.05.2024 |

Høring av planendring etter forenkla prosess- detaljregulering for Råolje og petroleumsterminal – Gulen Industrihamn. PlanID 2013002, gbnr 63/35 og 63/36

Det vert med dette varsle om framlegg til endring av DETALJREGULERING RÅOLJE OG PETROLEUMSTERMINAL GIH PLAN ID 2013002 etter forenkla prosess, i samsvar med plan- og bygningslova §12-14.

Bakgrunn for saka er positiv utale til konsesjonssøknad for vindturbin fatta av kommunestyret 12.04.2024, kor ein opnar for etablering av vindturbin på 275 meters høgde. Dette er den første saka som gjeld vindturbin som NVE skal handsama etter Lovendringa frå 2023, som inneber at NVE ikkje kan fatte ei avgjersle om konsesjon før området er planavklart. Kommunen har tilrådd at her vert utarbeidd ei reguleringsendring, slik at ein får ei avklart plansituasjon kor vindturbinen er del av planen.

Reguleringsplan for GULEN INDUSTRIHAMN (naboplan PlanID 2013003) opnar for etablering av vindturbinar med høgde på 150 meter. Før NVE si slutthandsaming av konsesjonssøknaden vert det difor naudsynt med ei endring av reguleringsplanen for å tilpassa denne til ny byggehøgde. Her er og opna for endring av plan som mellom anna gjeld vegframføring og tilpassing av plan til bygd situasjon.

Plasseringa av vindturbinen i naboplanen får konsekvensar også for denne planen, mellom anna i høve justering av tryggleikssonar, vurderingar av støy, iskast og skuggekast. Saman med mindre justeringar i samsvar med bygd situasjon, utgjer det endringane det her søkt om.

Gulen kommune har motteke søknad om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess i samsvar med plan- og bygningslova §12-14 frå Sweco AS for DETALJREGULERING RÅOLJE OG PETROLIUMSTERMINAL GIH PLAN ID 2013002. Dei har og levert søknad om reguleringsendring for tilgrensande plan der vindturbinen skal plasserast, *Gulen Industrihamn* plan ID 2013003, som vert varsle i eige brev.

Bakgrunn

I mars 2023 fatta kommunestyret prinsippvedtak, (KOM sak 016/23) der dei samtykka til at det vart sendt konsesjonsmelding til NVE for ein vindturbin med høgde 285 m i Sløvåg (seinare justert til 275 m). På bakgrunn av vedtaket ble det utarbeidd planprogram, og gjennomført konsekvensutgreiing. (KU)

KU og konsesjonssøknad har vore til offentleg ettersyn, og det er gjennomført fleire folkemøte som ei del av denne prosessen. Konsesjonssøknaden skal handsamast av NVE, men Gulen kommune skal gje prinsipputtale til søknaden.

12.04.2024 gav Kommunestyret (KS) i sak 20/2024 prinsipputtale til konsesjonssøknad med vilkår. Denne saka finn ein på kommunen si heimeside:

<https://www.gulen.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/planaktuelt-2024/konsesjonsuttale-til-vindtubin-i-slovag/>

Denne reguleringsendringa er ei oppfølging av kommunen sit vedtak, og ei naudsynt tilrettelegging for at NVE kan gjera konsesjonsvedtak.

Sweco AS har valt å söka om forenkla prosess i høve endring av reguleringsplanane som er nemnd over. Plan- og bygningslova § 12-14 set følgjande vilkår for å gjera ei endring etter forenkla prosess: At endringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje berører omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Hovudbakrunnen for endringane i begge planane har utgangspunkt i vindturbinen, men Konkret i detaljplanen for råolje og petroleum er det gjort følgjande vurdering frå Sweco i høve forenkla prosess:

«Endringane inneber reduksjon av sikringssona for brann- og eksplosjonsfare og at vegsystem og kaiar i nord blir oppdaterte i samsvar med gjeldande situasjon. Endringane er vurdert til i liten grad å påverke gjennomføringa av gjeldande plan, då området allereie er opparbeidd og ferdigstilt i tråd med hovudintensjonane i reguleringsplanen. Endringa går heller ikkje utover hovudrammene i planen, som er industriverksemd og kaiar med tilhøyrande funksjonar.

Gjeldande plan er allereie godkjend med eit større område med sikringssone for brann-/eksplosjonsfare. Endringa legg til rette for at det kan førast opp ein vindturbin innanfor tilgrensande plan, planID 2013003.

Reguleringsendringa medfører ingen konsekvensar ut over gjeldande situasjon, og påverkar ikkje allmenne interesser, tryggleik eller miljø. Etablering av vindturbin innanfor naboplanen er teke høgde for med tilrådde tiltak mot støy og iskast.»

I naboplanen der turbinen skal plasserast, og som gjev konsekvensar i denne planen er det spørsmålet om høgda som er sett i planen er ei så vesentleg hovudramme, at det ikkje kan handsamast etter ei forenkla prosess. Ein må da vurdere kvifor det vart set ei høgde på 150 meter den gong planen vart godkjent i 2018. Slik vi vurderer det var denne høgda fastset på bakgrunn av at det var dette som den gang vart sett på som ei aktuell byggjehøgde for vindturbinar, og ikkje ei vurdering av verknadane som høgda ville ha for omgjevnadane.

I saksframlegg til kommunestyret 12.04.2024 var det og gjort ei vurdering av kor mange vindturbinar på 150 meter som faktisk kan byggast innanfor gjeldande plan. I Danmark bruker ein ei «tommelfingerregel» som seier at avstanden mellom kvar vindturbin må vera 5 gongar rotordiameteren for å kunne utnytta vinden. Tek ein utgangspunkt i at ei vindturbin på 150 meter har ei rotordiameter på 125 meter, vert det i praksis mogleg med om lag 3 vindturbinar på 150 meter innanfor den planen. For å sikre at det totale omfanget av utbygginga ikkje aukar, stilte Kommunestyret krav i uttale til konsesjonssøknaden om at her berre kan byggast ein enkelt vindturbin, om ein skal byggja over 150 meters høgde.

Krav om konsekvensutgreiing og ROS i føresegn til planen er oppfylt. Det er gjort vurderingar av verknader av ei vindturbin på 275 meter som er dokumentert i konsesjonssøknaden.

Kommunen sin vurdering er difor at reguleringsendringa ikkje går ut over dei krava som er set til forenkla handsaming etter Plan- og bygningslova §12-14.

Alternativ til ei mindre endring er ei vanleg reguleringsendring, som vil ta lengre tid. I denne saka er det usikkert om ei slik prosess vil gje eit betre avgjerdsgrunnlag, eller bidra til ei breiare medverknad.

Her vil kommunen legge vekt på at medverknadsprosessane har vore omfattande frå mars 2023. Planprogram og KU har vore til høyring, og det har vert fleire folkemøte. Å krevje ei anna prosess ved sida av den prosessen som ein allereie har hatt, vil berre føre til ei forseinking av saka. Eit slikt krav vil vere i strid med lovgjevar sin intensjon om at reglane ikkje skal legge opp til ei «unødvendig dobbeltbehandling». Kommunen har difor og lagt vekt på kva prosess som faktisk er gjennomført i denne saka.

Utvida varsling

Det vert det lagt opp til utvida varsling, her under nærbuande til vindturbin og relevante lag og organisasjonar. Dei vanlege varslingspartane som berørte myndigheter, eigalar og festarar av eigedomar som blir direkte berørt, og andre berørte vert også varsla i samsvar med pbl §12-14.

Vedlagt følgjer søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess utarbeidd av Sweco AS på vegne av tiltakshavar:

- 0 Råolje- og petroleumsterminal_søknad om endring etter forenkla prosess_15.05.24
- 1 Råolje- og petroleumterminal Gulen industrihamn_plankart, datert 06.05.2024
- 2 Råolje- og petroleumterminal Gulen industrihamn_føresegner, datert 06.05.2024
- 3 Råolje- og petroleumterminal Gulen industrihamn_ROS, datert 13.05.2024
- 4 Gulen industrihamn_notat trafikkvurdering, datert 06.05.2024
- 5 Risikovurdering steinsprang_Sløvåg transformatorstasjon, datert 22.02.2024
- 6 Omtale av endringar i plandokumenta råolje- og petroleumsterminal 15.05.2024.pdf

Plandokument er og tilgjengeleg på kommunen si heimeside: Gulen.kommune.no

Merknader til reguleringssendringa skal rettast til:

Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik, eller på e-post:
postmottak@gulen.kommune.no, **innan 21.06.2024**

Med helsing

Kjell Anders Reigstad
Leiar plan, landbruk og teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne eDialog for å svare oss på dette brevet. Oppgi referansenummer 2024/462. Les meir om eDialog på <http://www.gulen.kommune.no/kontakt-oss>

Likelydande brev sendt til:

ANGELTVEDT ØYVIND
ASHEIM MORTEN
ASHEIM THERESE KJELBY
BAKER HUGHES NORGE AS
Birkeland Entreprenørforretning AS
BRUDEVOLL ROAR HARALD
BØRNES SINDRE TENJUM
DC HALSVIK AGGREGATES AS
DAAE MONICA

ENTREPRENØR ANSGAR BIRKELAND AS
ERIKSEN ARNE
ERIKSEN GUNN N HALSVIK
FESTERVOLL LIV INGEBJØRG
GULEN KOMMUNE
HALSVIK BENTE GRO
HALSVIK GJERMUND HAUGSDAL
HALSVIK JARLE
HALSVIK RUNE
HALSVIK TORE
HANSEN SVEIN GEORG
HELLANDSJØ LARS BJARNE
HØYVIK DORTHE
INVEST24 EIGEDOM AS
JKT BIRKELAND INVEST AS
KJELBY RAGNHILD REKNES
LJOSHEIM TROND EIGIL
LOSNEDAHL RANDI
MOLDE NILS OTTAR
NERDAL DENNIS
NILSEN KURT ERIK
NORD TERMINALS SLØVÅG AS
NORDAL LINDA SOLHAUG
NORDAL ÅSHILD SOLHAUG
OPSAHL TINA
INGER ANNE RINGEREIDE
RINGEREIDE JØRGEN
SIMONSEN INGRID HOLCK
SLØVÅG NÆRINGSBYGG AS
SLØVÅG UTVIKLING AS

SOLHAUG HEIDI
STEINE BERIT
STEINE JON IVAR
STEINE JULIAN
STORETVEDT HANS KÅRE
STORETVEDT SVEIN ARNE
UNNELAND BENT JOHAN
UNNELAND HARALD FRODE
ARILD UTAKER
VESTLAND BASE AS
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
WERGELAND EIGEDOM AS
WERGELAND ELISABETH
WERGELAND HANS HARRY
WERGELAND IRENE
WERGELAND PROPERTY AS
WERGELAND TERJE
WERGELAND TRUDE AINA
BERGEN HAVN AS
BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT OPPGAVEFELLESSKAP
BKK AS
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD
DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB)
FISKERIDIREKTORATET
FOLK FOR FJELLA
EIDSBOTN VEL
FORSVARSBYGG
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
KYSTVERKET

MILJØDIREKTORATET

MOTVIND VEST

NEI TIL VINDKRAFT I GULEN

NGIR DRIFT AS

NORGES MILJØVERNFORBUND

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

NORLED AS

FJORD1 AS

STATENS VEGVESEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Gulen og Masfjorden Brannvern

HUGLEIK HALSVIK